



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Att. Lotte Næss

Kommunedelplan Vågslid - 2. gangs høyring - Motsegn

Vi har mottatt kommunedelplan for Vågslid på 2. gangs høyring og offentleg ettersyn. Fylkesmannen har gått gjennom saken og svarar med dette samla.

Planen vart lagt ut til høyring første gang sommaren 2013, og i brev datert 06.09.2013 fremma Fylkesmannen v/ miljøverndirektøren og fylkesberedskapssjefen motsegn til planen. Motsegna som var knytt til konsekvensar for villrein vart vurdert i brev 03.06.2014 der motsegna til områda Øyfellnuten (F21) og Flåthyl (F23) vart trekt, mens motsegn til området sør for Vågslidvatn og Arabuvatn (F11) og avgrensing av omsynssone villrein (H-560) vart oppretthalde.

Vi har nå mottatt eit revidert planforslag til 2. gangs høyring. Avgrensinga av omsynssone villrein er framleis uendra, og byggjeområde for hytter F11 sør for vassdraget er vesentleg utvida i forhold til første gangs høyring, utan at det er utarbeida konsekvensutgreiing for utvidinga. Motsegna til desse områda blir derfor oppretthalde, sjå nærare omtale nedanfor.

Det er vidare gjort endringar ved at byggeområde F1 ved Flåmyrane er utvida, og areal for næring ved Botn og Fjellstad/Myrane er utvida. I området ved Haukelifjell skisenter er det byta om på areal til næring og areal til fritidsbustader. Desse endringane har vi ikkje særlege merknader til.

Motsegn til byggjeområde F11

Noreg forvaltar dei siste bestandane av vill fjellrein i Vest-Europa. Vi har difor eit internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen og villreinen sine leveområde. Med bakgrunn i St.meld. nr. 21, 2004- 2005 og St.meld. nr. 26, 2006-2007 blei det i 2007 starta på regionalt nivå eit arbeid med sikte på å lage regionale planar for å ta vare på villreinen sine leveområde. I bestillingsbrevet peika Miljøverndepartementet på at villreinen skulle sikrast og gjevast ein sentral plass i norsk fjellfauna gjennom regionale planar.

Sør for E134 overlappar kommunedelplanen med Heiplanen (Regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei). Heiplanen er ein retningsgjevande plan som legg føringar for kommunal planlegging. Sentralt i arbeidet med Heiplanen står det å bidra til å styrke

framtidig arealforvaltning ved hjelp av plan- og bygningslova. Omsynssonene som er brukt er tilpassa eit regionalt plannivå. Sonegrensene er eit resultat av villreinfaglege utgreiingar der avvegingar er tatt mellom villreinomsyn og andre samfunnsinteresser basert på innkomne innspel og lokale møte.

Områda sør for Vågslivatn og Arbuvatn merka som område F11 er nå vesentleg utvida frå førre gong planen var på høyring. Vi kan ikkje så at denne utvidinga er konsekvensutgreia. Desse utbyggingsområda går etter det vi kan sjå av plankartet delvis inn i omsynssone villrein jf. Heiplanen. Fylkesmannen v/ miljøverndirektøren opprettheld difor motsegn til heile området merka som F11 i kommunedelplan for Vågslid. Sjå brev dagsett 06.09.2013 og 30.06.2014

Avgrensing av omsynssone Villrein jf. Heiplanen

Fylkesmannen v/miljøverndirektøren opprettheld motsegn når det gjelder avgrensing av omsynssone villrein(H560) i kommunedelplanen. Vi held fast ved vår vurdering kring omsynssona og er av den oppfatning at denne må endrast slik at det er samsvar med grensene fastsett i Heiplanen. Sjå brev dagsett 06.09.2013 og 30.06.2014

Utvida byggjeområde F1

Området ligg i grensa for fjellbjørkeskogen og ein utviding av dette området kan koma i konflikt med område med viktig naturmangfald. Vi ser likevel at ein gjera utgreiingar av dette i samband med utarbeiding av reguleringsplan, slik at ein på eit meir detaljerte plannivå kan innarbeide konkrete omsyn til naturmangfaldet i området. Vi forventar at dette vert teke inn i føresegnene til området.

Byggjegrænse mot vassdrag

Byggjegrænse til vatn og vassdrag er eit sentralt verktøy for å ta vare på dei attraksjonane Vågslid har, og at kvalitetar og felles gode ikkje blir bygd ned. Fylkesmannen ser at det i føresegnene er satt ulike byggjegrænser lang ulike vassdrag, vi vil tilrå at desse også vert gjort synlege på plankartet.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det er krav til risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for alle planer etter plan- og bygningslova. Dette har vi presisert for Vinje kommune i fleire saker. Manglande ROS-analyse var òg eit av dei momenta vi hadde motsegn til i vårt innspel til planen sist han vart handsama, ref. vårt brev dagsett 6.9.2013. Det er difor med ei viss undring vi registrerer at kommunen som planmynde ikkje har etterlyst slik analyse frå utbyggjar.

Det føreslaget som no er presentert tilfredsstillar ikkje krav til ROS-analyse. Det er derfor formelt grunnlag for å halde ved lag vårt motsegn.

I plandokumentet «Rullering av kommunedelplan for Vågslid» er det under pkt. « 7.5. Byggjegrænser til vassdrag» og pkt. «7.9. Omsyn til flaum, ras/skred» gjort greie for problemstillingar knytt til samfunnstryggleik og beredskap.

Desse betraktningane er tatt vidare i føresegnene, der det i punkta « 2.2. Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit», pkt. «5.1. Spreidd utbygging i LNF-områda» og pkt. «7. Omsynssoner», er gjeve detaljerte krav til korleis framtidig utbygging skal løysast. Plankarta er òg tilfredsstillande merka med omsynssoner med «Faresoner» for flaum og ras/skred.

Etter sterk tvil dreg fylkesberedskapssjefen attende motsegna som tidlegare er gjeve for fag- og ansvarsområdet samfunnstryggleik og beredskap. Motsegna vert drege attende under føresetnad av at pkt. «2.2 Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit» i føresegnene vert justert slik at ordet «kan», i setninga «Omsyn til mogleg flaum og ras/skred, kan krevjast nærare dokumentert før det vert gjeve byggjeløyve» endrast til skal.

Vidare prosess

Planen er sendt oss i to alternativ, eitt med planområde som den gjeldande kommunedelplanen, og det andre med planområde der kommunen har teke ut areal sør for vassdraget som det var knytt motsegn til ved første gangs høyring. Det er framleis motsegn til denne delen av planen, og kommunen kan dermed ikkje eigengodkjenne denne versjonen av planen. Dersom kommunen ønsker det, kan alternativ med planområde der areal sør for vassdraget som det er knytt motsegn til eigengodkjennast. Dernest må det ein vidare prosess for avklaring av arealet sør for vassdraget. Det har allereie vore fleire drøftingsmøte om planen. Dersom kommunen ønsker ytterlegare møte for å drøfte planen, stiller vi gjerne på det. Alternativt er det neste å gå vidare med meklingsmøte dersom kommunen ønsker det. Mekling bør som hovudregel skje etter at planen er handsama i planutvalet, men før kommunestyret treffer vedtak.

Med helsing

Hans Bakke
avdelingsdirektør

Kristin B. Vindvad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:

NVE Region sør	Postboks 2124	3103	TØNSBERG
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Statens vegvesen, Region sør	Postboks 723 Stoa	4808	ARENDAL

Kopi internt til:

Simen Storøy
Willy Frogner
Anne Aasmundsen